

Uttale vedkjem SKL sin søknad om løyve til avgrensa bruk av anleggsveg ref. 202511193-6

Fjellhaugen skisenter AS er brukar av kommunal eigedom med formål å byggja og driva skitrekk, samt å leggja tilhøva til rette for aktivt skimiljø i distriktet.

Selskapet er avhengig av billett- og sponsorinntekter for å oppretthalda drifta. Skisenteret har også ansvar for å klargjera og preparere skiløyper til idrettslaga sine treningsaktivitetar. Dette vert finansiert av friviljug løypeavgift. Tilfeldig besøkjande unge, eldre og familiar er hyppig på besøk i anlegget vinteren igjennom. Bruka av anlegget skjer på dag- og ettermiddagstid heile veka. Skuleklassar har tilbod om tilrettelagt skidag når det høver for skulen. Det gjeld og introduksjon for nye vaksne innbyggjarar som deltek i vaksenopplæringa. Dette skapar inntekter for Fjellhaugen skisenter. Friluftsrådet Vest gjev økonomisk bidrag til opparbeiding av skiløyper innover fjellområdet for å støtta opp om friluftaktivitetar for innbyggjarane i regionen.

Inntektssida til Fjellhaugen Skisenter består av både vinterinntekter og inntekter knytt til brukarar som nyttar området i barmarkssesongen. Det er difor viktig for oss at me beheld heilårleg tilgang til veganlegg, parkering og eigne fasilitetar året rundt.

Fjellhaugen har teke betydelege investeringar for å sikra snøproduksjon og tilrettelegging av skibakkar siste åra. For å sikra framtidig drift er det umåteleg viktig for skisenteret at det vert lagt til rette for auka aktivitet i anlegget, dvs. tal på besøkande. Finansieringa er marginal, slik at redusert tilgjenge er ein alvorleg trussel for vidare drift.

Konklusjon:

Fjellhaugen skisenter AS kan ikkje akseptera redusert tilgjenge for alminneleg ferdsel til skisenteret sitt område. Ein oppmodar om at det vert sett på alternative løysingar for å sikra trygg ferdsel på anleggsvegen, utbetring av veggen på kritiske punkt, møteplassar og ev. reduserte fartsgrenser.

27.1.26

Hege Lægreid Røssland

Styreleiar Fjellhaugen skisenter AS

Styret@fjellhaugen.no